



Marine Harvest Norway AS. Inspeksjonsrapport nr. 2008.016

Verksemdas namn:

Marine Harvest Norway AS

Verksemdas adresse:

Sandviksboder 78,
5035 Bergen

Organisasjonsnr:

959352887

Utsleppsløyve av:

07.06.07

Tilstades frå verksemda:

Helge Daae

Arkivkode: 06/14127

Anleggsnr: 1266.019.02

Bransjenr.(NACE –kodar): 05.021

Tidsrom for kontrollen:

10.05.08

Frå Fylkesmannen:

Elisabeth Aune

Rapporten inneheld :

Denne rapporten gjev ei oppsummering av tilsyn ved Marine Harvest Norway AS sitt setjefiskanlegg ved Kvinge S i Lindås kommune. Tema for tilsynet var støy, og PCB i bygningar

Hovudkonklusjon :

Under inspeksjonen vart det ikkje påvist avvik.

Fylkesmannen har ein merknad i høve til oppfølging av tidlegare inspeksjon.

Avvik som ble gitt etter inspeksjon i 2007 blei dokumentert retta.

Verksemda har gjennomført støymålingar ved anlegget, første gong i 2006 og andre gong i 2007 etter at tiltak var gjennomført. Støynivået er blitt redusert etter at tiltak er gjennomført, og målte verdiar overskrid ikkje retningslinjer for industristøy.

Verksemda er i ei ombyggingsfase, og fleire tiltak vil bli gjennomført på sikt. Endring av plassering av vassventilar på nyetablerte kar, og bygging av tak over utekar vil gje redusert støy.

Utarbeida dato :

Sign.:

Sakshandsamar
Elisabeth Aune

Godkjent dato:


Sign.:


seksjonssjef
Kjell Kvingedal

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein inspeksjon ved Kvinge S den 10.05.08. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å beskytte det ytre miljø. Inspeksjonen fokuserer på at krava skal følgjast og rapporten beskriv eventuelle avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. **Rapporten gjev såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.**

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

 **AVVIK** vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

 **MERKNAD** er eit tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- *Lov av 13.03.81 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) § 7 første ledd/andre ledd.
- Utsleppsløyve av 07.06.07
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kap. 11 om farlig avfall

3. Omfang

Følgjande område vart dekkja under inspeksjonen:

Utsleppskontroll basert på utsleppsløyvet av 07.06.07

Fylkesmannen har under inspeksjonen ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda

4. Avvik

Det blei ikkje avdekkja avvik under inspeksjonen for dei tema som blei kontrollert.

Kommentarar:

Fylkesmannen har mottatt klager på støy i frå verksemda. Verksemda har gjennomført støymålingar ved anlegget, første gong i 2006 og andre gong i 2007 etter at tiltak var gjennomført. Støynivået er blitt redusert etter at tiltak blei gjennomført, og overskrid ikkje retningslinjer for industristøy.

Verksemda er i ei ombyggingsfase, og fleire tiltak vil bli gjennomført på sikt. Endring av plassering av vassventilar på nyetablerte kar, og bygging av tak over utekar.

I høve til dei avvik som ble gitt etter inspeksjon i 2007, ble dei dokumentert lukka.

5. Merknader

Følgjande tilhøve vart avdekka under inspeksjonen:

Bygnaden ved anlegget var under restaurering, og alle glasruter med sannsynleg innhald av PCB var enda ikkje skifta ut. Fylkesmannen vil understreke at desse skal vere merka når dei er i bruk, og etter at dei er fjerna handterast som farleg avfall.